

Referat frå styremøte i Herand Bygdelag.

Stad/tidspunkt: Herand skule (barnehagen), 7. november 2012, kl 19.00 – 22.00.

Til stades: Sidsel Haugen, Einar Ystevik, Gerd Ingeborg Haugen, Sigmund Eiken, Britt Heidi Selsvik, Paul Killingberg, Ole-Gisle Vassel.

Sak 1, Godkjenning av referat og møteinnkalling.

Ingen merknad til referat etter styremøte 03.10.12.

Ingen merknad til møteinnkalling.

Sak 2, Julemess 01.12.12.

Sonja Irene Skarde i Trivselsgruppa orienterte styret om planlegginga av julemess, fram til no (pr 17.11) har 15 utstillarar meldt at dei vil delta.

Styre- og varamedlemer møter 1. desember kl 09.30 for opprigging i gymsalen.

Kvinne- og familielaget har ansvar for å laga og levera kaker til mess. Styret står for sal av kaker, kaffi og te.

Sak 3, Nye utleigeprisar for Herand skule.

Det er utarbeida eit informasjonsskriv om nye leigesatsar for skulen, dette vert sendt ut til lag og organisasjonar i bygda.

Sak 4, Romjulsbasaren.

Basaren vert laurdag 29. desember.

Gjennomføringa vart diskutert og oppgåver fordelt mellom styre- og varamedlemene.

Sak 5, Stillasleige.

Styret i bygdelaget har utarbeida framlegg til leigeavtale og leigesatsar for stillaset. Herand Bedehus og Herand Grannahus er medeigar til stillaset. Sigmund Eiken tar kontakt med begge desse styra for godkjenning av forslaga.

Sak 6, Herand Familiebarnehage.

Leiar Sidsel orienterte frå styremøte i barnehagen 31.10 og frå personalmøte 05.11.

Frå styremøtet vart spesielt "Sak 3, Barnehagestyret sine oppgåver" trekt fram og er referert her:

- *Bygdelaget sine oppgåver:*
Vedtekter
Økonomi
Tilsette/personalansvar
- *Barnehagestyret sine oppgåver:*
Innhald i barnehagen
Rammeplanen er styringsdokumentet
- *Terese har utarbeida:*
Plan over fagområde
Halvårsplan
Årsplan (i samarbeid med Ingrid)

Styret i barnehagen må sjå til at desse dokumenta er oppdatert og innanfor lovverket.

Styret i bygdelaget vil ha ein tett kontroll på økonomien i barnehagen med oppfølging av rekneskapen på månadsnivå. Kasserar la fram rekneskapen for oktober, som er den fyrste driftsmånaden etter oppstart av familiebarnehagen, denne syner eit overskot.

Sak 7, Eventuelt.

- a) Bjørg Huus frå pensjonistlaget møtte for å orientera om det nye senkeapparatet som dei har kjøpt inn. Den anonyme gjevaren ynskjer at bygdelaget skal ha ansvar for vedlikehald og tilsyn med apparatet. Bjørg Huus har laga ein brukar- og serviceinstruks som vert sett opp i lagerhuset på kyrkjegarden.
- b) Einar Ystevik orienterte om at han ynskjer å trekkja seg frå styret i bygdelaget, 1. vara går inn som fast styremedlem.
- c) Fleire av medlemene i Trivselsgruppa ynskjer å gå ut av gruppa. Det vert val på nye medlemer til gruppa på årsmøtet i 2013.

Ole-Gisle Vassel/skrivar.